

Heiane ovanfor Tveito

Høgde over havet : 380m

Lengde : 3,5 – 4km

Gåtid: 1 – 2 timar

Gradering: Lett til middels krevjande tur etter gode vegar.

Vegskildring: Frå Kjerland kan ein velja mellom to vegar opp til Tveito. Alternativ 2 etter bilvegen, er litt lettare og litt lenger enn alternativ 1

1 Gamlevegen. Gamlevegen, den tidlegare kjerrevegen, startar rett sør for Kjerlandsbrua der elvane Hurpo og Tveitaelva møtest. Gå over Resbrua/Risbrua (skilt) litt lenger oppe og følg vegen vidare opp Risbruhagen. I høgde med Hurpefossen kan du velja den bratte Hurpestien (skilt) opp til Kløve (skilt), eller du går køyrevegen opp forbi Kroken (skilt) til nemnde Kløve der du har utsikt mot Kjerland. Turkassen på Kløve er ikkje med i stølstrimmen i år, men fint om du skriv deg inn likevel. Vidare opp til Skorvene (skilt) der vegen svingar mot venstre og oppover Orefloten (skilt). Øvst på Orefloten svingar stien opp i bilvegen som du følgjer forbi krysset med Stokkselvegen til den gamle kvilplassen Esjalde (skilt). Vidare etter bilvegen til Haugen (skilt). Buplass til 1883. Så fram til dei øvste tuna på Tveito 300 m.o.h. Siste stykket på 700m opp til Heiane, går du etter Måvassvegen bak øvste uthuset. Turkassen er på tavla på Heiane.

2 Bilvegen. Den startar frå Kjerlandsvegen i skogkanten 100m lenger mot sørvest. Det første stykket går gjennom Massahagen (skilt). Både der og på Bråvoll (skilt) har du utsikt mot Kjerland og Eide. Det flate partiet etter bakken opp frå brua, er kalla Gjela før du kjem til utkøyringa på Ilagshaug/Vetleilagshaug (skilt). Der går grensa mellom Kjerland og Tveito. Tidlegare var det eit kort pasgjerde/risgjerde på denne staden, eit ilegg som dei sa. Difor dette namnet Ilagshaug. Vidare går du som alternativ 1, forbi krysset med Stokkselvegen.

Måvassvegen er bomveg for køyrande (vipsbetaling eller kontant).

Lat att grindene!

Hugs bandtvangen og restriksjonar på bruk av eld.

Turtips frå Heiane: 1. Gå innover om Vetlavatnet til stølen Måvotno.

2. Frå Måvotno kan du gå fjellvegen, den gamle tingvegen, over til Ulvik.

3. Du kan også gå ein rundtur frå Heiane via Måvotno, Vatnasete, Litlastøl til Strindeskleiv og vidare om ljosløypa ned til brua over elva og opp til Heiane.

4. Turen via Måvotno, over elva ved Fuglavatnet til Middagsvarden og Skaret, og ev. vidare ned og heim om Stokksel, er ein lenger tur i fint terreng. O.T.